



Til medlemmer i Hareid Idrettslag Fotball

07.11.2023

## Sakliste og saksdokument til årleg møte i Hareid Idrettslag Fotball

Styret viser til innkalling til årleg møte i fotball og haustfest lagt ut på nettsida til Hareid IL Fotball, samt Facebook og mail. Det blir matøkt i forkant av valet. Saker må innmeldast seinast 09.november.

**Årleg møte/Haustfest vert halde 23. november 2023 kl. 19 i Festsalen på klubbhuset, Myraveien 12.**

### Sakliste for årleg møte/haustfest:

- Sak 1: Godkjenne dei med stemmerett
- Sak 2: Godkjenne innkallinga
- Sak 3: Godkjenne saklista
- Sak 4: Val av dirigent
- Sak 5: Val av referent
- Sak 6: Val av to medlemmer til å underskrive protokollen
- Sak 7: Fotballgruppa si årsmelding og rekneskap for 2023
- Sak 8: Gruppene sine årsmeldingar og rekneskap for 2023
- Sak 9: Fastsette treningsavgifter for sesongen 2024
- Sak 10: Fastsette budsjett 2024 for Fotball
- Sak 11: Fotballgruppa i framtida
- Sak 12: Val av
  - 12.1 Styreleiar – 1 år
  - 12.2 Nestleiar – 1 år
  - 12.3 Arrangement/jentefotball – 2 år
  - 12.4 Sport 2 Senior Herre – 2 år
  - 12.5 Sport 3 Senior Dame – 2 år
  - 12.6 Sport 4 Barnefotball – 2 år
  - 12.7 Økonomi – 2 år
  - 12.8 Valnemd

Vedlagt følgjande dokument: (kjem i forkant av årsmøtet)

- Fotball og gruppene sine årsmeldingar
- Fotball sitt rekneskap
- Saksdokument sak 9; treningsavgifter 2024
- Saksdokument sak 10; Budsjett for Fotball 2024
- Saksdokument forslag om endring av fotball sak 11
- Sak 12.1 – 12.7; Valnemnda sitt forslag
- Sak 12.8; Styret sitt forslag til nye medlemmer til valnemnd

Med helsing

Styret i Hareid IL Fotball

## Årsmelding Hareid IL Fotball 2023



Årets A-spelalarar som starta vårsesongen.

### 1. Innleiing

Fotballgruppa har gjennomført eit nytt hektisk år med stort engasjement i styrearbeidet. Vi har hatt eit stort styre på 12 personar, som for året er forsterka med fleire som har jobba med jente- og damefotball. Vi har hatt spelar- og trenarutviklar i 80 prosent stilling i 10 månader. Ein har gjennomført Grendacupen som fekk skryt frå mange hald for god gjennomføring. G/J2017 gruppa gjennomførte også ei stor miniturnering i september som fekk gode skussmål, i tillegg til fleire mindre arrangement og dugnadar. Det har vorte gjennomført 11 ordinære og 3 ekstraordinære styremøter, samt eit dialogmøte med hovudlaget. Fleire i styret jobba med å få fotball godkjent som kvalitetsklubb igjen, noko som ser ut til å verte kunngjort på kretstinget 2. desember. Det store prosjektet på anlegg denne sesongen vart nytt kunstgrasdekke som kom på plass i juni-juli. Dette dekket er eit Fifa Quality Pro dekke med gummipad. Fotballgruppa tel ved utgangen av 2023 370 medlemmer, av desse er 305 aktive medlemmer.

### 2. Styresamansetjing

Leiar:	Kenneth Nicolaisen
Nestleiar:	Anders Eidsvik
Anlegg/utstyr/sekretær:	Sindre Breivik
Sport menn:	Emil Johannes Dahlen Folkestad
Sport damer/jenter:	Daniel Teigene, Siw-Monica Brandal og Renate Røyset Lillebø (dei to sistnemnde har også jobba mykje med arrangement)
Sport ungdom:	Georg Eikrem Olsen
Sport born:	Kim-Tore Husøy
Økonomi:	Georg Rise Gaasø
Kvalitetsklubb:	Odd-Magne Brandal
SoMe/informasjon:	Einar Orten Trovåg

Håvard Knudsen Bjåstad og Evelyn Røren vart valt inn som varamedlemmar, men lite nytta etter at styret vart utvida frå 10 til 12 medlemmar i kjølvatnet av årsmøtet 2022.



*Det gror godt i den yngste årsklassa jenter fødde 2017. Her frå ei trening i Hadarhallen.*

### **3. Om styrearbeidet**

Det har vore god driv i styret og arbeidet i all hovudsak har dreia seg om korleis vi skulle drifte gruppa på ein god måte sportsleg, samt få kontroll på innkreving av medlemsavgift og drive fram økonomiprojekt. Dagleg leiar har teke mykje av dei daglege oppgåvene, som til dømes FIKS og treningstider, noko som har letta ein god del av det praktiske arbeidet i fotballgruppa.

Totalt i år har vi hatt 11 styremøte og handsama totalt 147 saker, i tillegg har det vore mykje aktivitet i form av sær møter, telefonar, mail korrespondanse og Teams-møter, samt god aktivitet på Messenger gruppa til styret.

Det vart gjennomført eit fotballeiarkurs 1 (FLK1) for alle i styre og stell denne sesongen, då dette var eit krav for å verte kvalitetsklubb.

Sport er no ein del av det totale styret, noko som gjer det enklare for heile fotballstyret å ha innsikt i kva sport jobbar med.

Det har i år vorte gjennomført styremøte den første måndagen i kvar månad, noko som har fungert godt og er forutsigbart. Årshjul for 2023 har kome på plass, noko som gjer at aktivitet kjem på plass tidleg og det er lettare å planlegge etter.

Styret er samansatt av 12 medlemmar, der alle har sine definerte arbeidsoppgåver. Arrangement har fungert godt, med Renate og Siw-Monica i spissen, samt at A-Laga har hatt egne ansvarlege for sine kampar. Sport har fungert godt, sjølv om det tidvis har vore ein del saker å handsame.

Hovudinstrykket er likevel at det har vore det mest aktive styreåret på mange år. Det har blitt jobba godt over heile linja, og det interne styremiljøet har vore veldig godt. Det har i haust vore ein del møter mellom hovudstyret og fotball, der økonomi og sponsor-system har vore tema. Ein er ikkje i mål med dette, men ein er i dialog på korleis dette kan løysast til beste for begge partar.

Fotballgruppa har gradvis auka styreaktiviteten frå koronatida og opp til no. Vi er ikkje låste til nøyaktig kor mange ein skal vere i styret og kva dei ulike skal gjere, men det ser ut som at modellen vi starta med i 2022 med å dele det sportslege ansvaret mellom fleire personar har vore ein suksess. På den måten sikrar ein at éin person slepp å vere sportsleg kontaktperson for alle laga våre.

Etter eit 2022 med litt prøving og feiling føler vi at modellen i 2023 fungerte godt. Ikkje minst fekk vi god dekning på jente- og damesida.

Vi hadde i år også eigen økonomiansvarleg, men sidan fotballgruppa ikkje kan hente inn sponsorar sjølv fall denne rolla litt mellom to stolar. Når det er sagt har vedkomande som hadde rolla gjort ein god jobb på andre måtar.

Ei stor takk til styreleiar Kenneth Nicolaisen som har gjort ein kjempejobb med å sørge for at så godt som alle har betalt treningsavgift.

Forholdet mellom hovudstyret og fotballstyret blir omtala under eit eige punkt.



*Jenter 13-15 år på Norway Cup i sommar.*

#### **4. Den sportslege aktiviteten**

2023 har vore ein sesong med full aktivitet på alle lag. Sport har jobba godt denne sesongen og har fått på plass trenarkabalane på alle lag, samt at det har vore ein del utskiftingar også undervegs på fleire lag. A-laget herrar enda på ein respektabel 7 plass i 4 div. noko som er den beste plasseringa på seks år. Damelaget har og hatt ein grei sesong trass ei lita spelargruppe i vårsesongen, på hausten fekk dei inn fleire spelarar frå SUFH, noko som gjorde at dei fekk ei god avslutning på sesongen. Sjå elles årsmeldingane frå laga.

Det vart arrangert fotballskule med lokale instruktørar frå seniorlaga og juniorlaget i april, Juni og august, over 3 dagar, med variabel påmelding i alderen 6 - 12 år. Dette vart organisert av trenar- og spelarutviklar Ørjan Engen Grimstad.

Det vart tidleg bestemt at laga skulle styre arrangementa sine sjølve denne sesongen, etter at praksisen her var litt ulik i 2022.

Rundt a-lag menn vart det likevel ein slags mix av ansvarsfordeling frå litt ulike hald, sidan Ola Kalvø Vattøy gjekk av som hovud-lagleiar for laget tidleg på året (pluss at andre i støtteapparatet anten spelar sjølve eller bur eller jobbar i Ålesund).

Vattøy gjorde likevel ein god jobb rundt laget i vårsesongen på arrangement/lagleiing, og også i haustsesongen med litt andre oppgåver (assisterande speaker, liveoppdateringar, statistikk).

Einar Orten Trovåg kalla inn eit lita foreldregruppe (+ nokre til) til alle heimekampane, sjølv om han ikkje fekk med seg alle kampane sjølv.

Dei som har bidrege mest i tillegg til Einar og nemnde Vattøy er Geir Alvestad og Harald Aasen (billettar), Cecilie Bjørlykke (frukt og mat), Brede Roset (diverse oppgåver), Johs Riise (speaker mange av kampane) og Håvard Knudsen Bjåstad (assisterande speaker). Dei som har bidrege på 2-3 kampar er ikkje nemnt.

I tillegg til vanlege kamparrangement arrangerte vi «Hareid i skotet 2023» i juni.

Det har elles vore kiosk og speakerteneste på alle 11 kampane. Det var ballgutar på fleire av vårkampane, pluss ein haustkamp. Dette var ofte kombinert med skotkonkurransar. Under fleire av haustkampane vart det selt Hareid-skjerf (blant anna under ein såkalla superfredag). Dei som stilte opp fekk blomster av fotballstyret før siste heimekamp. Tusen takk til alle som har bidrege! Til neste år anbefaler vi ei meir fast arrangementsgruppe som går ut frå foreldre og andre rundt spelarane.

## **5. Økonomi, økonomitiltak og dugnad**

Seniorlaga Damer og Herrar fekk i oppgåve å selge reflekshuer og flasker, den såkalla Hareid-pakken. Reflekshuer er noko mange foreldre/føresette har etterlyst, så vi tenkte at det ville slå an. Salet av huer har gått tregt, sjølv om ein med jamne mellomrom har hatt kampanjer på dette. Flasker har fleire av laga våre fått kjøpe til kostpris.

Dugnader gjennomført:

1. Selje sesongkort, huer og flasker om vinteren. Kvar spelar skulle selje for minst 1000 kroner kvar. Etter litt masing gjorde alle spelarane dette med eitt unntak. Alle som gjennomførte dugnaden fekk ei svart Hareid IL-jakke.
2. Skaffe foreldre/andre til arrangementsnemnd. Her gjorde nokre ein bra innsats, medan andre kunne ha bidrege meir.
3. Deltok i fotballgruppa sitt Spond-lotteri før sommaren.
4. Eit par korte dugnader med småting på anlegget etter beskjed frå dagleg leiar.
5. Grendacupen 2022 og fyrverkerisal romjula 2022, vakt etter lister Ola Kalvø Vattøy laga.
6. Innsamling av bilde og tekst til spelarpresentasjonar før sesongstart.

Det har også vorte bestilt inn nye Hareid IL skjerf, då det er fleire år sidan sist vi hadde dette i sortimentet. Hadde eit bra innsalg i forhold til ein A-kamp for herrar, samt ein damekamp. Men skjerfsalet må også intensiverast for å få betra salet. Spesielt inn mot julehøgtida kan det vere greitt å ha kampanje på huer og skjerf til gode prisar.

Det vart også gjennomført eit Spond-lotteri i Juni-Juli som gav god inntjening til drifta. Ein vil foreslå at Fotball har eit Spond-lotteri i mars-april og eit i sept-okt komande sesong, og at alle lag i fotball held seg unna økonomiprojekt i lag desse månadane. Ein må få laga eit system på dette, slik at det ikkje vert økonomiprojekt som kolliderer med andre.

Behov for dugnader på anlegga har det vore mindre behov for i år enn «før i tida», sannsynlegvis grunna den solide jobben seniorgruppa gjer på tysdagar.

Når det gjeld økonomien elles har det gått greitt i år. Dette mykje grunna den solide jobben Kenneth har gjort med å sikre oss at alle – eller i alle fall dei aller, aller fleste – treningsavgiftene har kome inn. Vi har også fått bra med pengar på Fredrik Aursnes sin overgang til Benfica, noko som gjer at vi kan nærme oss å betale ned fotballhallen om få år. Vi har også fått bra med støtte frå Sparebanken Møre som gjer at vi har hatt spelar- og trenarutviklar i større prosent i år.

Når det gjeld sponsorsituasjonen elles, er det ikkje ei berekraftig løysning for fotballgruppa å ikkje få tildelt sponsormidlar, noko som har konsekvensar for vidare utvikling og oppgradering. Av overføringer av sponsorinntekter fra hovedlaget har det i 2023 vorte overført kr.63.750,- noko som er svært lite i forhold til forventa. Fotballgruppa stiller seg kritisk til at eit godt arbeid over tid med forbruk og økonomiske prioriteringar skal resultere i at det blir brukt som grunnlag for å ikkje få overført sponsorinntekter, og dette er ikkje noe vi kan videreutvikle klubb av i framtida. Vi i fotballen er merksame på at vi må jobbe meir mot sponsorar som gir inntekter direkte til fotball, då fortrinnsvis til investeringar, men også til drift.

## **6. Nettside og SoMe**

Utgangspunktet for nettstrategien vår i år var i utgangspunktet den same som i 2022, at underteikna og Ola Kalvø Vattøy delte på å legge ut stoff i hovudsak på FB + noko på hareidil.no. OKV forsvann etter kvart ut av rolla som dagleg leiar. Men då hadde vi eigentleg allereie fått innarbeidd ein modell der etter kvart ganske mange har tilgang til FB-profilen, slik at mykje har gått av seg sjølv. Ny dagleg leiar Thobias Thon har derfor ikkje fått inn allverda å legge ut.

Det har i år vore solid dekning av a-lag menn, Hareid 2, damelaget og J15, av folk som sjølve har tilgang til å redigere på FB. Utover det har det vore meir sporadiske oppdateringar frå andre lag. Her kunne gjerne fleire involvert seg og sendt inn stoff, men totalen har nok uansett vore grei.

Det er også ei aukande utfordring med strengare personvern for born og unge, noko som kanskje gjer at fleire kvir seg for å sende inn stoff frå dei yngste laga. Det er heller ikkje sikkert at FB er den beste plattformen på sikt å formidle aktiviteten frå fotballgruppa, men per no finst det ikkje betre løysingar.

## **7. Grendacupen**

Grendacupen 2022 vart ein suksess med 30 lag påmeld totalt. Planlegginga av Grendacupen 2023 er i full gang, og pr.21. november har Sindre Breivik, Einar Orten Trovåg, Ovar Hatløy og dagleg leiar Thobias Thon engasjert seg i arbeidet, og ein reknar med fleire vil henge seg på etter kvart. Turneringa vert i år flytta tilbake til 28-29.desember, då jubileumsåret i fjor gjorde at vi måtte flytte turneringa ut ein dag seinare. Det har vorte jobba godt med sponsorar, og fleire er allereie på plass.

## **8. Oppdatering anlegg**

Årets store prosjekt på anleggssida har vore nytt kunstgras. Prosjektet var eit samarbeidsprosjekt mellom Hareid Kommune og Hareid IL Fotball(prosjektleiar Sindre Breivik), og må seiast har vorte gjennomført på ein svært god måte. Kunstgraset er siste generasjon gras, 45mm lengde på gras med 14mm sand nedst og 17mm gummi. Under kunstgrasmatta ligg det ein 10mm gummipad. Banedekket er Fifa Quality Pro godkjent, noko som kvalifiserer til å vere blant ei av dei beste banene i landet med gummiinnfyll. Fotball stilte på dugnad til montering av gras, der vi fekk litt inntekt.

Prosjektet vart gjennomført for Kr.3,4 mill, der Sparebanken Møre løyvde kr.300.000, i TEFT midlar til Fotball, Spelemidlar godkjent på kr.1 mill. Restbeløpet er dekt av kommuna. I tillegg har ein skifta ut all kryssfiner rundt baneanlegget, som ein del i det å minimere granulatsvinn. Her gjorde seniorgruppa ein flott jobb. Vi har også fått på plass rister ved inngangar og kostesystem, i tillegg til skiltmerking på dette med granulatsvinn.

Det er også bygd nye innbytarbenkar, her må vi takke Odd-Magne Brandal, Hogne Grimstad og Sindre for ein god jobb. Ein har også fått asfaltert heile langsida ved benkane. Det er no lagt fram

straum til speakerboda. Lydanlegg i Hadarhallen vil kome i slutten av 2023. Reparasjon av lydanlegg i Hareidhallen er gjennomført og er klar til Grendacupen 2023.

Robotklippar har kome på plass på grasbana, noko som har ført til ei flott grasmatte, samt besparelse på klipping med traktor og oppsamlar.

Forslag til investeringar fotball i 2024: Overbygd tribune med plass til 200 tilskodarar.

## 9. Norway Cup

Hareid stilte i sommar med 3 lag på Norway Cup, G14 i sjuar klassa med 2 lag, medan J15 stilte i 11'ar klassa. Gutelaga gjekk til A-sluttspel og rauk ut tidleg i dette. Jentelaget gjekk til A-sluttspel men rauk ut i sluttspelkamp 2. Det er svært gledeleg at ein har kome i gang igjen med Norway Cup, dette er den store turneringa som laga gler seg til å vere med på kvart år.

## 10. Fair Play, verdi og kvalitetsklubb

Hareid IL Fotball er no i mål med å verte godkjent som kvalitetsklubb. Det er gjort mykje godt arbeid av Odd-Magne for å få på plass alle dokument, samt å rette opp nettsida vår i forhold til kvalitetsklubbkonseptet. Vi fortsette å jobbe for å få fleire av trenarane våre til å ta grasrottenarkurs, det er krav om minimum grasrottenar delkurs 1 for årsklassene 6-12 år. Frå 13-19 år er det krav om minimum delkurs 1 og 3. Nokre har tatt grasrottenar modular og andre relevante kurs både aktivt og digitalt i sesongen som har gått, men fleire er nøydde til å kurse seg tidleg i komande sesong. Det er ingen tvil i at kursing av våre trenarar er viktig i forhold til å følgje klubben sin sportsplan, samt å lære seg korleis ein kan sette opp gode treningsøker.

## 11. Trenar- og lagleiarmøte

Dette vart i år arrangert 25. januar. Dei fleste laga møtte, men her kan laga verte flinkare til å engasjere seg, sidan møtet er viktig for planlegginga av sesongen. På møtet kom styret med diverse info om sesongen. Det vart ikkje arrangert eit liknande møte for haustsesongen, men dette er ønskeleg å få til.



Kamp i Hadarhallen for eit av våre yngre lag.

## **12. Årsfest**

Det vart i år bestemt at seniorlaga sjølve arrangerer årsfest eller årsfestar. Styret legg i år seg ikkje opp i korleis dette blir gjort, men sponsar pokalar til årets spelarar og toppscorar for dei laga som ønskjer det. Styret har takka dei engasjerte rundt a-lag menn og a-lag damer med blomster før siste heimekamp for desse laga.

## **13. Årets eldsjel**

Under Grendacupen tok vi opp igjen tradisjonen med å kåre årets eldsjel. Prisen for 2022 gjekk til Anders Eidsvik. Han fekk den for utrøyttelig innsats for sportslege og administrative tiltak gjennom sesongen 2022. Tidlegare vinnarar: Tor Henning Andersen, Sindre Breivik, Vagn Scheide Mork, Harald Møller.

## **14. Hareid i skotet**

Ein ny runde med «Hareid i skotet» var noko Einar Orten Trovåg og Emil J. D. Folkestad kom på litt spontant måndag 22. mai, 11 dagar før Hareid – Bergsøy. Begge laga var i ganske bra form, kampen skulle gå på gras – og juni burde kunne by på OK vêr. Så vi tenkte det berre var å køyre på. Etter kvart hengde fleire gode hjelparar seg på, både frå styret, dagleg leiar og andre. Kort oppsummert bestod opplegget av konkurransar for born og unge, besøk av Tare, lotteri, to minikonsertar med Ronald Øvreid og sjølve kampen. I tillegg hadde Sport1 stand.

På eit gitt tidspunkt i 2. omgang var det rundt 270 tilskodarar. Inkludert folk som kom og for vil vi tru det var rundt 350 innom. Ganske bra i og med det var noko surt vêr og mobiliseringa frå Fosnavåg kanskje ikkje så var så god som vi trudde. Det var dessutan kor-arrangement og turn-oppvising på Hareid samtidig. Men fotballfolket frå Hareid mobiliserte i stor stil. Arrangementet viste seg å vere veldig populært for born og unge.

Lotteriet gjekk veldig bra. Det var lokale premiar + signert drakt frå Fredrik Aursnes. Vi hadde også bra med vakter som tok seg av billettering og lotteri. Prosjektet ga eit greitt overskot.

Oppsummering: Hareid tapte 2-0 og vi kunne sikkert ha vore heldigare med veret. Men trur det var eit bra arrangement med omsyn til profilering og økonomi, spesielt med omsyn til kort tid som vart nytta til planlegging. Det var ca. 25 personar involvert, stor takk til både dei og sponsorane.

## **15. Anna**

Hareid IL Fotball er svært godt nøgde med at Fredrik Aursnes har fått ein så god karriere som han har fått. Fotballgruppa ønskjer å heidle Aursnes med å henge opp to bilete av han i fotballhallen, eit frå tida i Hareid, og eit der han er no - Benfica. Det hadde vel neppe blitt nokon fotballhall utan dei økonomiske bidraga vi har fått frå diverse Aursnes-overgangar. Anders Eidsvik har gjort ein god jobb med å få på plass desse skilta.

## **16. Administrativ adelskalender**

40 år: Gunnar Aursnes

20 år: Johs Chr Riise, Vagn Scheide Mork, Kristian Angelsen og Harald Åsen

15 år: Cecilie Bjørlykke

10 år: Geir Alvestad

5 år: Steffen Urke, Daniel Slettebakk, Andre Egset Nupen, Tommy Moldskred, Joachim Moldskred, Vidar Longva og Anders Eidsvik



## 17. Spelarar på talenttiltak

Bylagssamlingar (Team Søre 12 åringar): Karl Riise Grimstad, Levi Johan Moldskred og Gine Gaasø Teigene.

Team Søre Satellitt (12 åringar): Abilasan Jeyathas, Benjamin Teigene Sæter, Birk Hole Grimstad, Karl Grimstad, Karsten Øvrelid, Levi Johan Moldskred, Noah Teigene Eidsvik, Odin Pedersen Røyset og Gine Gaasø Teigene.

I tillegg har fotballgruppa hatt spelarar som har hospitert med Hødd G14.

## 18. Oppsummering

Styret ønskjer å takke spelarar, trenararar, lagleiarar, dommarar, seniorgruppe og andre medhjelparar så mykje for innsatsen i 2023.

Kenneth Nicolaisen, Anders Eidsvik, Sindre Breivik, Kim-Tore Husøy, Einar Orten Trovåg, Emil Johannes Dahlen Folkestad, Odd-Magne Brandal, Georg Gaasø, Georg Eikrem Olsen, Daniel Teigene, Renate Lillebø og Siw-Monica Brandal.



*Årets damelag avbilda før kamp på Hareidsmyrane Stadion.*

Hareid 21.11.2022

Styret

## Trenar-/ Lagleiarliste 2023

Hareid 13.10.2023

Fødselsår	Lag	Trenar/Lagleiar	(T/L)	Tlf.	Mail
2017	MG/MJ6	Lars Roar Holstad	HT	92097066	<a href="mailto:lars_holstad@hotmail.com">lars_holstad@hotmail.com</a>
		Silja Øvrelid	HT/L	98419650	<a href="mailto:siljaovrelid@gmail.com">siljaovrelid@gmail.com</a>
		Kristian Eidsvik	HT	95939256	<a href="mailto:eidsvik_hotmail.com">eidsvik_hotmail.com</a>
		Nauris Driksna	HJT	48435191	<a href="mailto:ndriksna@gmail.com">ndriksna@gmail.com</a>
		Stian R Brandal	HJT	97755425	<a href="mailto:post@stianrunnebrandal.no">post@stianrunnebrandal.no</a>
		Benjamin Slettebakk	HJT	99325217	<a href="mailto:benni_slettis@hotmail.com">benni_slettis@hotmail.com</a>
		Marius Kasputtis	HJT	46379042	<a href="mailto:suabras@hotmail.com">suabras@hotmail.com</a>
2016	MG7	Monja Kvalsvik	L	41812953	<a href="mailto:kvalsvikmonja@hotmail.com">kvalsvikmonja@hotmail.com</a>
		Emil Folkestad	HT	95098478	<a href="mailto:emilfolk@hotmail.com">emilfolk@hotmail.com</a>
		Georg Eikrem Olsen	HT	91793227	<a href="mailto:georg.olsen@live.no">georg.olsen@live.no</a>
		Terje Juul-Grimstad	HJT	46864965	<a href="mailto:terjeb@gmail.com">terjeb@gmail.com</a>
		Marcus Brandal	HJT	92062566	<a href="mailto:marcus_brandal@hotmail.com">marcus_brandal@hotmail.com</a>
2015	MG8	Murat Aydin	HJT	46787521	
		Renate Bøe	L	99360923	<a href="mailto:renate_boe@hotmail.com">renate_boe@hotmail.com</a>
		Kim-Tore Leirbekk Husøy	HT	91688354	<a href="mailto:kim-tore@hotmail.com">kim-tore@hotmail.com</a>
		Christer Haddal	HT	99576758	<a href="mailto:christer_haddal@hotmail.com">christer_haddal@hotmail.com</a>
		Joachim Moldskred	HJT	90017823	<a href="mailto:joachim.moldskred@gmail.com">joachim.moldskred@gmail.com</a>
2014	MG9	Fredrik F. Abrahamsen	HJT	91742420	<a href="mailto:fre.abrahamsen@gmail.com">fre.abrahamsen@gmail.com</a>
		Thomas Pedersen	HJT	90366631	<a href="mailto:pedthom5@gmail.com">pedthom5@gmail.com</a>
		Trond Jarnes	HJT	95081372	<a href="mailto:tjarnes@hotmail.com">tjarnes@hotmail.com</a>
		Ole Kristian Haddal	HJT	45660826	<a href="mailto:olekhaddal@gmail.com">olekhaddal@gmail.com</a>
		Janita H. Naustenget	L	40294570	<a href="mailto:janitaholstad@gmail.com">janitaholstad@gmail.com</a>
		Linn Therese Johnson	L	95756823	<a href="mailto:linntjohnson@gmail.com">linntjohnson@gmail.com</a>
		Magnus Sveen	HT	99326419	<a href="mailto:magnus_sveen@hotmail.com">magnus_sveen@hotmail.com</a>
		Ingar Hovden	HT	99649989	<a href="mailto:ih@jets.no">ih@jets.no</a>
		Marius Haugen	HJT	92653967	<a href="mailto:haugen.marius@gmail.com">haugen.marius@gmail.com</a>
		Marcus Brandal	HJT	92062566	<a href="mailto:marcus_brandal@hotmail.com">marcus_brandal@hotmail.com</a>
2013	MG10	Odd-Magne Brandal	L	90579336	<a href="mailto:odd.magne.brandal@gmail.com">odd.magne.brandal@gmail.com</a>
		Espen Beiermann	HT	92081193	<a href="mailto:espenbeiermann@hotmail.com">espenbeiermann@hotmail.com</a>
		Benjamin Reite	HT	98633394	<a href="mailto:Benreite@gmail.com">Benreite@gmail.com</a>
		Vidar Longva	HT	97014421	<a href="mailto:Vid_longva@hotmail.com">Vid_longva@hotmail.com</a>
		Ragnar Røyset	HJT	90079209	<a href="mailto:ragnar_royset@gmail.com">ragnar_royset@gmail.com</a>
		Christian Aasmo	HJT	97087881	<a href="mailto:caasm@online.no">caasm@online.no</a>
2012	LG11	Steffen Urke	L	95755255	<a href="mailto:steffenurke@yahoo.no">steffenurke@yahoo.no</a>
		Andre Nupen	HT	94817441	<a href="mailto:Nupen83@hotmail.com">Nupen83@hotmail.com</a>
		Lars-Petter Bjørlykke	HJT	99560719	<a href="mailto:lars-pbi@hotmail.com">lars-pbi@hotmail.com</a>
		Daniel Slettebakk	HJT	99627896	<a href="mailto:Danielslettebakk@hotmail.com">Danielslettebakk@hotmail.com</a>
2011	LG12	Øyvind Grimstad Gryt	L	92207836	<a href="mailto:julianne.skulstad.gryt@gmail.com">julianne.skulstad.gryt@gmail.com</a>
		Kim Johansen	HT	40491592	<a href="mailto:kim.johansen@hotmail.se">kim.johansen@hotmail.se</a>
		Anders Eidsvik	HJT	97712680	<a href="mailto:anders_eidsvik@hotmail.com">anders_eidsvik@hotmail.com</a>
		Filip Moldskred	HtT	95440946	<a href="mailto:famoldskred@gmail.com">famoldskred@gmail.com</a>
		Tommy Moldskred	HJT/L	99583985	<a href="mailto:moldskred@icloud.com">moldskred@icloud.com</a>
2010-2011	SJ12-13	Daniel Teigene	HT	97081299	<a href="mailto:daniel.teigene@entec.no">daniel.teigene@entec.no</a>
		Ole Kristian Øvrelid	HJT	95072274	<a href="mailto:ole.ovrelid@spenncon.no">ole.ovrelid@spenncon.no</a>
2009-2010	SG13-14	Kim Johansen	HT	40491592	<a href="mailto:kim.johansen@hotmail.se">kim.johansen@hotmail.se</a>
		Lars-Petter Bjørlykke	HJT/L	99560719	<a href="mailto:lars-pbi@hotmail.com">lars-pbi@hotmail.com</a>
		Ingar Hovden	HJT	99649989	<a href="mailto:ih@jets.no">ih@jets.no</a>
		Ole Andre N. Kragset	HJT	46424475	<a href="mailto:olekragset@hotmail.com">olekragset@hotmail.com</a>
		Jan Robin Haraldsvik	HJT	95869037	<a href="mailto:jrharaldsvik@gmail.com">jrharaldsvik@gmail.com</a>
		Rita Dimmen	L	47024441	<a href="mailto:rita_elin@hotmail.com">rita_elin@hotmail.com</a>
2008-2009	SJ14-15	Evelyn Røren	L	48005180	<a href="mailto:evelyn.roren@gmail.com">evelyn.roren@gmail.com</a>
		Geir Børre Røyset	HT	45424525	<a href="mailto:gbrrr3@hotmail.com">gbrrr3@hotmail.com</a>
		Øyvind Rolvsjord	HJT	47909249	<a href="mailto:oyvindrolvsjord@gmail.com">oyvindrolvsjord@gmail.com</a>
		Siw Monica Brandal	L	99597172	<a href="mailto:siw-monicabrandal@hotmail.com">siw-monicabrandal@hotmail.com</a>
2007-2008	G16	Renate Røyset Lillebø	L	97627462	<a href="mailto:royset@hotmail.com">royset@hotmail.com</a>
		Vagn Scheide Mork	HT	91661812	<a href="mailto:vagn@madmedia.no">vagn@madmedia.no</a>
2004-2006	G19	Olav Korshaug	L	95089420	<a href="mailto:olav@korshaug.com">olav@korshaug.com</a>
		B-Lag	Herrar		
A-Lag	Damer	Eiliv-Tore Howlid	HT	90022264	<a href="mailto:ethowlid@gmail.com">ethowlid@gmail.com</a>
		Emil J Dahlen Folkestad	HJT	95098478	<a href="mailto:emilfolk@hotmail.com">emilfolk@hotmail.com</a>
		Kenneth Nicolaisen	L	93059202	<a href="mailto:nicolaisenkenneth@gmail.com">nicolaisenkenneth@gmail.com</a>
A-Lag	Herrar	Geir Børre Røyset	HT	45424525	<a href="mailto:gbrrr3@hotmail.com">gbrrr3@hotmail.com</a>
		Trine Årsbog	HJT	93644499	<a href="mailto:trinulf@tussa.com">trinulf@tussa.com</a>
		Stig Andor Engen	HT/L	91855337	<a href="mailto:stig.andor.engen@ulsteingroup.com">stig.andor.engen@ulsteingroup.com</a>
		Reidar Vikebakk	HJT	91661822	<a href="mailto:reivik@tussa.com">reivik@tussa.com</a>
		Odd Sverre Urke	HJT	97192775	<a href="mailto:odd.urke@km.kongsberg.com">odd.urke@km.kongsberg.com</a>
		Vidar Vollsæter	MHj	90697732	<a href="mailto:vidar.vollsater@tussa.com">vidar.vollsater@tussa.com</a>
		Gullvald Kløvning	MHj	97729153	<a href="mailto:gullvaldk@gmail.com">gullvaldk@gmail.com</a>
		Gustav Bjørlykke Kløvning	L	41477584	<a href="mailto:gustavklov@hotmail.com">gustavklov@hotmail.com</a>
		Knut Helge Hovden	matr	97114265	<a href="mailto:hovden534@gmail.com">hovden534@gmail.com</a>
		Spelarutviklar	Trenarutviklar	Ørjan Engen Grimstad	S/TU
Fotballstyret	Leiar Nestleiar Sport Barn Sport Ungdom Sport Menn Sport Damer Kvalitetsklubb Arr/Dame Arr/Dame Anlegg/materiell Økonomi Web/SoMe Adm	Kenneth Nicolaisen	Le	93059202	<a href="mailto:nicolaisenkenneth@gmail.com">nicolaisenkenneth@gmail.com</a>
		Anders Eidsvik	NI	97712680	<a href="mailto:anders_eidsvik@hotmail.com">anders_eidsvik@hotmail.com</a>
		Kim-Tore Leirbekk Husøy	SB	91688354	<a href="mailto:kim-tore@hotmail.com">kim-tore@hotmail.com</a>
		Georg Eikrem Olsen	SU	91793227	<a href="mailto:georg.olsen@live.no">georg.olsen@live.no</a>
		Emil J Dahlen Folkestad	SM	95098478	<a href="mailto:emilfolk@hotmail.com">emilfolk@hotmail.com</a>
		Daniel Teigene	SD	97081299	<a href="mailto:daniel.teigene@entec.no">daniel.teigene@entec.no</a>
		Odd Magne Brandal	K/FP	90579336	<a href="mailto:odd.magne.brandal@gmail.com">odd.magne.brandal@gmail.com</a>
		Siw-Monica Brandal	AI/D	99597172	<a href="mailto:siw-monicabrandal@hotmail.com">siw-monicabrandal@hotmail.com</a>
		Renate Røyset Lillebø	AI/D	97627462	<a href="mailto:royset@hotmail.com">royset@hotmail.com</a>
		Sindre Breivik	Da	40243522	<a href="mailto:sindre.b@tussa.com">sindre.b@tussa.com</a>
		Georg Gaasø / Kenneth	øk	97401277	<a href="mailto:georg1992@hotmail.com">georg1992@hotmail.com</a>
		Einar Orten Trovåg/Ola	WR	90137211	<a href="mailto:trovaag@gmail.com">trovaag@gmail.com</a>
		Thobias Thon	DL	47632515	<a href="mailto:daglegleiar@hareidil.no">daglegleiar@hareidil.no</a>

# HAREID IDRETTSLAG

## Gruppe: Fotball

### Rekneskap 2022 - Budsjett 2023 - Rekneskap 2023 - Budsjett 2024

Ktonr		Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Rekneskap 2023	Budsjett 2024
	<b>INNTEKTER</b>				
	<b>Salsinntekter</b>				
3000	Sponsorinntekter avg.pl	kr 87 500,00	kr 162 500,00	kr 161 390,00	
3200	Egne arrangement-Deltakaravgift arrangement*	kr 136 675,00	kr 400 000,00	kr 206 372,00	kr 150 000,00
3220	Kioskinntekt / Fyrverkeri	kr 33 945,00		kr 45 362,00	
3250	Billettinntekter og kiosksal	kr 96 788,00	kr 100 000,00	kr 233 165,00	kr 200 000,00
3260	Lodd og merchandise*	kr 15 040,00	kr 50 000,00		kr 70 000,00
	<b>SALSINNTEKTER</b>	<b>kr 369 948,00</b>	<b>kr 712 500,00</b>	<b>kr 646 289,00</b>	<b>kr 420 000,00</b>
	<b>Andre driftsinntekter</b>				
3400	Grasrotmidlar, LAM-midlar			kr 156 429,00	kr 160 000,00
3430	Andre tilskot og g�aver*	kr 325 212,00	kr 240 000,00	kr 188 362,00	
3450	Momsrefusjon	kr 25 865,00			
3900	Sal av treningsutstyr			kr 750,00	
3920	Treningsavgift	kr 379 605,00	kr 450 000,00	kr 520 095,00	kr 500 000,00
3945	Egenandeler og innbetalte p�meldingsavgifter			kr 23 322,00	
3950	Bankrenter				
	<b>ANDRE DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>kr 730 682,00</b>	<b>kr 690 000,00</b>	<b>kr 888 958,00</b>	<b>kr 660 000,00</b>
	<b>TOTALE INNTEKTER</b>	<b>kr 1 100 630,00</b>	<b>kr 1 402 500,00</b>	<b>kr 1 535 247,00</b>	<b>kr 1 080 000,00</b>
	<b>KOSTNADER :</b>				
	<b>Varekostnader</b>				
4300	Innk�p/kostnader ved egne arrangement	kr 119 250,00	kr 10 000,00	kr 82 377,00	kr 50 000,00
	<b>Varekostnader</b>	<b>kr 119 250,00</b>	<b>kr 10 000,00</b>	<b>kr 82 377,00</b>	<b>kr 50 000,00</b>
	<b>L�nnskostnader</b>				
5000	L�nn til tilsette	kr 235 493,00	kr 660 000,00	kr 517 763,00	kr 210 000,00
5020	Feriepengar	kr 30 099,00	kr 67 320,00	kr 64 409,00	kr 28 000,00
5400	Arbeidsgivaravgift	kr 33 205,00	kr 90 000,00	kr 83 136,00	kr 32 000,00
5401	Arbeidsgivaravgift av opptente feriepengar	kr 4 244,00	kr 3 000,00	kr 9 082,00	kr 8 000,00
5510	Trekkpliktig del av reise			kr 6 286,00	kr 5 000,00
5900	G�ve til tilsette, fr�dragsberettiga	kr 3 620,00		kr 303,00	
	<b>L�nnskostnader</b>	<b>kr 306 661,00</b>	<b>kr 820 320,00</b>	<b>kr 680 979,00</b>	<b>kr 283 000,00</b>
	<b>Andre driftskostnader</b>				
6000	Avskrivning p� bygninger og annen fast eiendom	kr 5 500,00		kr 11 965,00	kr 5 000,00
6017	Avskrivning p� inventar	kr 1 431,00		kr 4 315,00	kr 3 000,00
6320	Renovasjon og kommunale avgifter			kr 1 259,00	kr 1 000,00
6420	Leie datasystemer			kr 5 335,00	kr 5 000,00
6520	Trening- og kampuystyr	kr 114 744,00	kr 100 000,00	kr 90 256,00	kr 90 000,00
6550	Utstyr, inventar, oppgraderingar	kr 47 574,00	kr 15 000,00	kr 18 678,00	kr 15 000,00
6570	Treningst�y og drakter	kr 4 254,00	kr 15 000,00	kr 83 439,00	kr 80 000,00
6600	Reparasjon og vedlikehold	kr 3 110,00	kr 5 000,00	kr 37 799,00	kr 20 000,00
6690	Reparasjon og vedlikehold annet	kr 41 465,00	kr 5 000,00	kr 6 894,00	kr 5 000,00
6770	Medisinsk behandling, utstyr etc	kr 4 182,00	kr 5 000,00	kr 8 016,00	kr 5 000,00
6790	Honorar trenarar og leiarar , ikkje oppg plikt	kr 76 150,00	kr 40 000,00	kr 37 450,00	kr 50 000,00
6800	Kontorkostnader, inkl IT system og utstyr	kr 3 401,00	kr 500,00	kr 3 099,00	kr 3 000,00
6860	M�te, kurs, oppl�ring		kr 10 000,00	kr 9 410,00	kr 10 000,00
7100	Bilgodtgj�relse oppgavepliktig			kr 6 259,00	kr 6 000,00
7140	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	kr 11 160,00	kr 15 000,00	kr 5 191,00	kr 5 000,00
7162	Servering, sosial post	kr 33 292,00	kr 25 000,00	kr 26 527,00	kr 20 000,00
7320	Annonsering og reklame	kr 31 042,00			
7410	P�melding seriar, turneringar, b�ter etc	kr 73 245,00	kr 85 000,00	kr 81 169,00	kr 82 000,00
7412	Kontingenter			kr 2 000,00	
7420	Kostnader spilleroverganger	kr 11 900,00	kr 10 000,00	kr 23 000,00	kr 23 000,00
7430	G�ver, ikkje fr�dragsberettiga	kr 2 687,00	kr 5 000,00	kr 9 350,00	kr 9 000,00
7450	Dommarutgifter	kr 104 720,00	kr 110 000,00	kr 112 468,00	kr 115 000,00
7460	Medaljer og premiar	kr 13 743,00		kr 14 400,00	kr 14 000,00
7500	Forsikringspremie og kontingent krets	kr 64 870,00	kr 65 000,00	kr 77 255,00	kr 80 000,00
7710	G�ver og tilskot internt			kr 6 000,00	
7730	Utstyr trenarar og leiarar	kr 59 768,00	kr 30 000,00	kr 434,00	kr 15 000,00
7770	Bank- og kortgebyr	kr 24 660,00	kr 25 000,00	kr 31 124,00	kr 32 000,00
7790	Annen kostnad, fr�dragsberettiga	kr 12 324,00		kr 6 795,00	kr 6 000,00
	<b>Andre driftskostnader</b>	<b>kr 745 222,00</b>	<b>kr 565 500,00</b>	<b>kr 719 887,00</b>	<b>kr 691 000,00</b>
	<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>kr 1 171 133,00</b>	<b>kr 1 395 820,00</b>	<b>kr 1 483 243,00</b>	<b>kr 1 024 000,00</b>
	<b>Finansinntekter</b>				
8050	Annen renteinntekt			kr 145 763,00	
	<b>DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-kr 70 503,00</b>	<b>kr 6 680,00</b>	<b>kr 197 767,00</b>	<b>kr 56 000,00</b>

Hareid, 12.03.2024

**Kenneth Nicolaisen**  
 konomiansvarleg fotballstyret

**Sindre Breivik**  
Revisor fotball

**Notar**

## Inntekter

3200 Grendacupen(125.000), cupar, fotballskule(80.000)

3260 Lotteri - Spond eller anna

## Kostnadar

5000 Lønn trenarar A-lag herre/dame

6790 Trenarar yngres



## Treningsavgift og foreldretrenar-godtgjersle Framlegg til årleg møte i fotballgruppa 2023

Styret foreslår følgjande treningsavgifter for sesongen 2024:

### Nivå Alder Sum

Senior A H/D 20 - **3.200** per år Inkludert forsikring – Uendra frå 2023-2024.

Senior B 20 - **2.500** per år Inkludert forsikring – Uendra frå 2023-2024.

Juniorlag 17-19 **3.000** per år – Uendra frå 2023-2024.

G & J 15-16 **3.000** per år – Uendra frå 2023-2024.

SG & SJ 13-14 **3.000** per år - Uendra frå 2023-2024.

LG & LJ 11-12 **2.000** per år - Uendra frå 2023-2024.

LG & LJ 10 **1.700** per år - Uendra frå 2023-2024.

MG & MJ 6-9 **1.400** per år - Uendra frå 2023-2024.

Dette er ei auke på kr. 0 frå 2023-sesongen.

**Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretslagstiltak og Norway Cup. Spelarar som ikkje har betalt avgift kan fortsatt trene med laget dersom ein har oppretta dialog med dagleg leiar om nedbetalingsplan/betalingsordning.**

### Det vert gjeve fylgjande rabattar:

20 % frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken

20 % frådrag for alle born av lagleiar på det aktuelle laget.

20 % frådrag for eldste aktive born av representant i styret. Denne kan bli justert etter vedtak frå hovudstyret.

50 % frådrag for junior- eller gutespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.

100 % frådrag for born av hovudtrenar på det aktuelle laget (HT). **1-2 HT pr. lag.**

50% frådrag for born av hjelpetrenar(HjT) på det aktuelle laget. **2 HjT pr. lag.**

Kvar klasse kan i utgangspunktet kun ha inntil 3-4 trenarar(1-2HT+2HjT) og 2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa, skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar få refundert medlemskontingenten.

Godtgjersle for foreldretrenarar til klubbstyr – Kvart 3 år

I tillegg til ovannemnde foreslår styret følgjande godtgjersle for foreldretrenarar som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

Alder

6-9 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 1000,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år). Maks 3 HT.

10-12 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 1500,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år). Maks 2 HT.

13-19 Gåvekort på klubbstyr til inntil kr. 2000,- på Sport1 Hareid + HIL-gensar (Kvart 3 år). Maks 2 HT.

Hjelpetrenarar/lagleiarar - Gåvekort opptil 500,- resterande må dekkast sjølv (Kvart 3 år). Maks 2+2 HjT-L.

Ein føresetnad for dette er at leiarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med innsamling av

treningsavgift og fullfører heile sesongar.

**GENERELT:**

Senior- Ungdoms- og Barne-fotball omfattar alle fotball-lag frå og med miniklassene til og med senior, og drifta vert i hovudsak finansiert av spelarbetaling. Treningsavgifta dekkjer utgifter som:

- ✓ Spelar- og lagskontingent til Sunnmøre Fotballkrets
- ✓ kollektivforsikring av spelarar under 19 år, forsikring seniorspelarar
- ✓ dommarutgifter
- ✓ utstyr som draktsett, vestar, fotballar, kjepler, førstehjelpsutstyr m.m.
- ✓ reisekostnader til seriekampar som fergebillettar og bompengar
- ✓ vedlikehald av baner, snømåking, leige av hallen, bruk av Hadarhallen materiell til merking osv.

Treningskampar og turneringar utanom serien vert ikkje dekt av treningsavgifta. Det same gjeld personleg utstyr som fotballscho, strømpar, overtreksdrakter, tape og liknande.

Deltaking på eit av fotballaga i Fotball forutset gyldig medlemsskap i Hareid Idrettslag. Det vil seie at ein også skal betale kontingent til Hareid Idrettslag.

**ORGANISERING AV LAGA:**

Kvart enkelt lag skal ha hovudtrenar(HT), evt hjelpetrenar(HJT) og medhjelparar(MHj), samt ein lagleiar(L), samt ei foreldregruppe. Alle lag vert oppfordra til å ha minst 2 trenarar(HT+HJT). Av erfaring vil det vere mykje lettare å kome gjennom ein hektisk sesong med trening og kampar dersom ein er fleire som deler på ansvaret. Foreldregruppa skal organisere innsamling av midlar til laget, samt bidra med miljøskapande tiltak. Innsamla midlar kan brukast fritt av laget til f.eks. turneringar, sesongavslutningar, reiser eller andre tiltak. Organisering av foreldregruppe er laget sitt eige ansvar, og det er viktig at alle foreldre og føresette støttar opp om denne gruppa.

**ØKONOMI :**

Treningsavgifta for deltaking på dei ulike laga er p.t. som fylgjer:

Senior A	20-	3.200,-	per år ( Inkluderer forsikring )	Gjelder både Herre- og Dame-lag
Senior B/C	20-	2.500,-	per år ( Inkluderer forsikring )	
Juniorlag	17 – 19 år	3.000,-	per år	
G og J	15 – 16 år	3.000,-	per år	
SG og SJ	13 – 14 år	2.500,-	per år	
LG og LJ	11 – 12 år	2.000,-	per år	
LG og LJ	10 år	1.700,-	per år	
MG og MJ	6 – 9 år	1.400,-	per år	

For alle lag opp til og med 12 år vert treningsavgifta fakturert i si heilheit med forfall seinast 1.mars. For 13 år og opp til seniorklassene vert avgifta delt i to terminar med med forfall seinast 1. mars og 1. juli. Giro vert utsendt på mail eller i Spond.

NB! Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengd frå alle kampar samt evt. deltaking på sone-, kretslagstiltak og Norway Cup. Spelarar kan be om betalingsplan om nødvendig, ta då kontakt med dagleg leiar.

Det vert gjeve fylgjande rabattar (maksimal rabatt per spelar 20%, bortsett frå born av trenar):

20 %	frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalande søsken
20 %	frådrag for alle born av lagleiar, på det laget ein er lagleiar for.
20 %	frådrag for eldste aktive born av representant i styret.
50 %	frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.
100 %	frådrag for alle born av hovudtrenar(HT), på det laget ein er trenar for.1 HT pr. lag.
50%	frådrag for born av hjelpetrenar(HJT), på det laget ein er trenar for. 2 HJT pr. lag.

Kvar klasse kan ha inntil 3 trenarar(1HT+2HJT) og 2 lagleiarar med rett til rabatt (LG og LJ er f.eks. separate klasser), men unntak kan gjerast etter dialog med dagleg leiar/sportsleg utval.

Alle foreldre som har roller i fotballgruppa skal vere medlem i idrettslaget, men kan på førespurnad til dagleg leiar få refundert medlemskontingenten.

Innlevering av spelarskjema:

Spelarskjemaet består av to delar; del I og del II. Del I inneheld generell informasjon til spelar og føresette og skal behaldast av den enkelte. Del II skal utfyllast og leverast ved innmelding. Spelaren er deretter medlem til vedkommande melder seg ut. Utmelding skal skje skriftleg ved utfylling og innlevering av spelarskjema del II.

Eles skal spelarskjema del II også innleverast ved endringar i spelaropplysningar, rabattforhold eller valg av termin. Kontakt lagleiar eller last ned skjema frå [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) . Skjemaet skal leverast til lagleiar for det aktuelle lag.

**Godtgjerdsløse for foreldretrenarar:**

I tillegg til overnemnde foreslår styret følgjande godtgjerdsløse – kvart 3. år, for foreldretrenarar HT som ikkje på annan måte har lønna trenaransvar i fotballgruppa, og som tek på seg hovudtrenaransvar i fotballgruppa:

**6-9 år:** Gåvekort på klubbstyre til inntil kr.1.000,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

**10-12 år:** Gåvekort på klubbstyre til inntil kr.1.500,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

**13-19 år:** Gåvekort på klubbstyre til inntil kr.2.000,- på Sport 1 Hareid + HIL-gensar – Kvart 3. år.

Ein føresetnad for dette er at trenarane i dei ulike laga bidreg i arbeidet med betaling av treningsavgift.

**REGISTRERING AV SPELAROPPLYSNINGAR/ENDRINGAR:** Mailadresse MÅ vere med!!

Navn: \_\_\_\_\_ Fødd: \_\_\_\_\_ År: \_\_\_\_\_

Adresse: \_\_\_\_\_ Mobil: \_\_\_\_\_

Mor: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_ Mobil: \_\_\_\_\_

Far: \_\_\_\_\_ Telefon: \_\_\_\_\_ Mobil: \_\_\_\_\_

Mail mor: \_\_\_\_\_

**TRENINGSAVGIFT OG RABATTFORHOLD:**

Mail far : \_\_\_\_\_

Senior A	20-	3.300,-	per år ( Inkluderer forsikring ) Gjelder både Herre- og Dame-lag
Senior B/C	20-	2.500,-	per år ( Inkluderer forsikring )
Juniorlag	17 – 19 år	3.000,-	per år
G og J	15 – 16 år	3.000,-	per år
SG og SJ	13 – 14 år	2.500,-	per år
LG og LJ	11 – 12 år	2.000,-	per år
LG og LJ	10 år	1.700,-	per år
MG og MJ	6 – 9 år	1.400,-	per år

For alle lag opp til og med 12 år vert treningsavgifta fakturert i si heilheit med forfall seinast 1.mars. For 13 år og opp til seniorklassene vert avgifta delt i to terminar med med forfall seinast 1. mars og 1. juli. Giro vert utsendt på mail eller i Spond.

**NB! Ved manglande betaling av treningsavgift er spelaren i prinsippet ikkje forsikra og vil verte utestengt frå alle kampar samt evt. deltaking på sone- og kretsagstiltak, samt Norway Cup.**

Det vert gjeve fylgjande rabattar (maksimal rabatt per spelar 20% bortsett frå born av trenar):

- 20% frådrag for alle spelarar som har eit eldre, fullt betalende søsken
- 20% frådrag for alle born av lagleiar, på det laget ein er lagleiar for.
- 20% frådrag for eldste aktive born av representant i styret.
- 50% frådrag for junior- eller guttespelarar som er trenarar for yngre lag utan honorar.
- 100 % frådrag for alle born av hovudtrenar(HT), på det laget ein er trenar for.
- 50 % frådrag for alle born av hjelpetrenar(HjT), på det laget ein er trenar for.

Kryss av dersom du meiner du har krav på rabatt, og grunngjev kravet under:

Navn på eldre spelar: \_\_\_\_\_ Lag: \_\_\_\_\_

Verv: \_\_\_\_\_ Lag/Styre: \_\_\_\_\_

Betaler kontingenten samla (forfall 01.03)       Betaler kontingenten i to terminar (01.03 og 01.07)

 Gjeld registrering av ny spelar Gjeld utmelding Gjeld andre endringar\_\_\_\_\_  
Dato\_\_\_\_\_  
Underskrift føresett

**NB # 1! Husk å seie frå til trenar eller lagleiar dersom spelaren har sjukdomar, brukar medisinar etc. som det er viktig at ein kjenner til.**

**NB # 2! Skjemaet skal leverast til lagleiar ved registrering av ny spelar, utmelding eller ved endringar i spelaropplysningar, rabattforhold eller valg av termin. Ekstra kopi av skjema kan hentast frå [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) eller ved å kontakte lagleiar.**

## **SAK 11 – Fotballgruppa i framtida.**

Innleiing:

Fotballgruppa har denne sesongen hatt mange innspel, mest frå styremedlemmar, men også frå medlemmane i fotballgruppa, om kva som er den beste modellen for å utvikle fotball på Hareid fram i tid. Årsakene til dette er den alvorlege økonomiske situasjonen som HIL har kome ut for etter Basishallprosjektet, samt auka utgifter på den generelle drifta i tillegg.

Skal fotball klare å utvikle seg dei komande åra, så må ein ha inn meir økonomi i systemet, det vert vanskelegare for kvart år å få folk til å gjere alt på dugnad, det slit på dei ressursane ein har.

Det sittande styret har hatt mange møter internt på dette, samt møter med HIL hovudlag for å sjå på moglege løysingar. Det er ikkje kome til eit eintydig svar på kva som er den beste vegen vidare, men enkeltmedlemmar i fotball har sine klare anbefalingar.

Fotball vil gjerne ha medlemmane i fotball sitt syn på dette, og vil opne for innspel på årleg møte, der dei som har meining om dette får utrykke seg heilt fritt i forhold til ståstad.

Fotball har lenge råda HIL til å opplyse medlemmane om den økonomiske stoda i laget, og kom i går med følgande informasjon:

Denne budskapet om økonomien kan brukast til medlemmer av Hareid Idrettslag i samband t.d medlemsmøter:

Hovudstyret i Hareid Idrettslag har denne hausten slite med ein vanskeleg likviditet.

Dei økonomiske vanskaner som vart avdekkja på tampen av sommaren, skuldast ein underliggende kostnadsvekst på nær sagt alle område.

Det vart med ein gong teke tak i problema. Fleire tiltak er sette i verk – både med å få ned kostnadane, men også med å auke inntektene. Det gjer at vi no kan seie at vi kjem til å vere ajour ved årsskiftet.

Utfordringane med økonomien i hovudkassa har ikkje ramma idrettsaktiviteten. Vi kan glede oss over rekordhøg aktivitet i Hareid Idrettslag i 2023.

Det er imidlertid klart at vi også i det året vi går inn i vil bli krevande økonomisk.

Hovudstyret held difor fram arbeidet med å auke inntektene og få ned kostnadane som ikkje er naudsynte for å halde opp den idrettslege aktiviteten

-----

Dei som har spørsmål i tilknytning til dette, kan vende seg til Olav Sindre Rise eller Jeanette Teigene.

Mvh

Olav Sindre Rise  
Leiar i HIL

Diskusjon vert åpna for alle i salen.....





## INNSTILLING FRÅ VALNEMDA

Valnemda ved Vagn Scheide Mork, Eiliv Tore Howlid og Bård Grimstad har nominert følgande til verv i Hareid IL Fotball for sesongen 2024:

Leiar: Pravin Selva (Blir valt inn for 1.år)

Nestleiar: Georg Gaasø (1 år igjen)

Økonomi: Kenneth Nicolaisen (Nyvalt for 2 år)

Jentefotball: Daniel Teigene (1 år igjen)

Arrangement/Jentefotball: Renate Røyset (Nyvalt for 2 år)

Arrangement/Jentefotball: Siw Monica Brandal (1 år igjen)

Anlegg/Material: Sindre Breivik (1 år igjen)

Kvalitetsklubb: Odd Magne Brandal (1 år igjen)

Sport 1 Ungdom: Georg Eikrem Olsen (1 år igjen)

Sport 2 senior herre: Ørjan Engen Grimstad (Nyvalt for 2 år)

Sport 3 senior dame: Lena Hansen (Nyvalt for 2 år)

Sport 4 Barnefotball: Vidar Longva (Nyvalt for 2 år)

Det er valkomiteen si innstilling at Sindre Breivik bør møte for fotballgruppa i hovedlagsmøte, ettersom han er den mest røynde styremedlemmet og har mest kunnskap om prosessane i klubben. Men dette er sjølv sagt opp til det komande styret å bestemme.

Etter å snakka med fleire medlemmer av styret og folk i klubben i forbindelse med å fylle opp styret så har valkomiteen fått tilbakemelding om at det er muleg å redusere talet på styremøter uten at det går utover drifta. Det vil også vere med på å gjerne det enklare å få frivillige til å bli med i styret. Vidare er det også blitt nevnt at styret bør vere med ei administrativ einheit. Vi ser ta det noverande styret har brukt mykje tid på diverse møteverksemd som gjeld problemstillingar som kunne blitt løyst av laga sjølve eller blitt tatt på telefon. Dette fører til, etter valkomiteen si meining, ei for stor belastning på styremedlemma. Og om ein fortsett i same retning, vil folk bli brent ut og det blir vanskeleg å få fyllt opp rollene. Valkomiteen ber derfor om at dette blir tatt omsyn til i det komande året.

Med vennleg helsing,

Vagn Scheide Mork